

Kvartalsrapport for

3. kvartal 2019



Valle Sparebank

Delårsrapport 3. kvartal 2019

Rekneskapsprinsipp

Det er nytta same rekneskapsprinsipp som i rekneskapsrapporten for 2018. Delårsrekneskapsrapporten er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.09.19 er forvaltningskapitalen på 1.687,9 mill. kroner. Dette er ein auke på 26,7 mill. kroner, eller 1,6 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.09.19 på 1.408,3 mill. kroner, som er ein nedgang på 7 mill. kroner, eller 0,5 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 55,9 mill. kroner eller 4,1 % i forhold til 01.01.19. Banken har ved utgangen av 3. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 689,8 mill. kroner, ein auke på 28,7 mill. siste 12 månadar. Total utlånsendring (eigen balanse og EBK) er 1,0 % siste år.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.09.19 på 1.237,4 mill. kroner, som er ein auke på 61,1 mill. kroner, eller 5,2 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekkjer 87,9 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarende forholdstall 83,1 %. Det har vore ein auke i innskot på 52,4 mill. kroner eller 4,4 % sidan 01.01.19.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 11,1 mill. kroner, mot eit overskot på 11,9 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt viser eit overskot på 8,9 mill. kroner, mot eit overskot på 9,3 mill. kroner til same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 22,2 mill. kroner, som er 0,9 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 1,79 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,76 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 9,6 mill. kroner, som er ein auke på 1,8 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 19,5 mill. kroner mot 18,0 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 15,3 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 13,6 mill. kroner i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjer ein kostnad på 1,3 mill. kroner, mot ein inntekt på 0,73 mill. kroner til same tid i fjor.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 172,2 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal 2019. Dette gir ei kapitaldekning på 20,33 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning med eigarføretak i samarbeidande grupper er 19,07%.

Spesielle kommentarer til resultat og balanse

Utlån til personmarknaden utgjer 1.250 mill. kr (1.245 på same tidspunkt i fjor) eller 88,75 % av samla utlån i eigen balanse. Utlån til næringsmarknaden utgjer 158,2 mill. kr (170 på same tidspunkt i fjor) eller 11,25 % av samla utlån i eigen balanse. LCR pr 30.9.19 er 163.

Utsikter for resten av året

Rentemarginen har auka i høve til på same tid i fjor på grunn av auke i rentenivået. Noregs Bank har det siste året sett opp styringsrenta 4 gonger. Styret forventar at rentemarginen vil auke vidare ut året. Likviditetssituasjonen er betryggjande, og banken har få, små og godt spreidde låneforfall.

Utlånsutviklinga har så langt i år vore mykje svakare enn budsjettert, men kundeveksten har halde fram. Styret forventar framleis hard kamp om kundane framover, men er svært nøgde med at satsinga med bemanna rådgjevarkontor tre dagar i veka i Vennesla har vore så vellukka. Styret forventar jamn utlånsvekst ut året.

Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga den nærmaste tida. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover.

Valle, 30.oktober 2019

Olav K. Mosdøl
(styreleiar)

Anne Gjerden
(nestleiar)

Geir Olav Uppstad

Elisabeth A.Spockeli

Tor Arild Rysstad

Jostein Rysstad
(Adm. banksjef)

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

Beløp i hele tusen

30.09.18	31.12.18	30.09.19		30.09.19	31.12.18	30.09.18
2,75 %	2,77 %	2,95 %	Renteinntekter og liknande inntekter	36.644	45.176	33.404
0,99 %	1,01 %	1,16 %	Rentekostnader og liknande kostnader	14.405	16.470	12.052
1,76 %	1,76 %	1,79 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	22.239	28.706	21.352
0,16 %	0,12 %	0,22 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.668	1.943	1.943
0,57 %	0,57 %	0,62 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	7.692	9.296	6.877
0,11 %	0,11 %	0,11 %	Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	1.397	1.741	1.291
0,01 %	0,01 %	0,04 %	Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	499	101	178
0,01 %	0,01 %	0,01 %	Andre driftsinntekter	160	240	139
0,65 %	0,60 %	0,78 %	Sum andre driftsinntekter	9.622	9.839	7.846
1,12 %	1,21 %	1,23 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	15.270	19.632	13.583
0,03 %	0,03 %	0,03 %	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	374	499	374
0,33 %	0,33 %	0,31 %	Andre driftskostnader	3.873	5.329	4.049
1,48 %	1,56 %	1,57 %	Sum andre driftskostnader	19.517	25.460	18.006
0,92 %	0,80 %	1,00 %	Driftsresultat før tap	12.344	13.085	11.192
0,06 %	0,00 %	-0,10 %	Tap på utlån, garantiar m.v.	-1.295	-74	725
0,00 %	0,09 %	0,00 %	Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler	7	1.411	3
0,98 %	0,89 %	0,89 %	Resultat av ordinær drift før skatt	11.056	14.422	11.920
0,21 %	0,20 %	0,18 %	Skatt på ordinært resultat	2.180	3.224	2.600
0,77 %	0,69 %	0,72 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	8.876	11.198	9.320

Balanse

Egedelar

Beløp i hele tusen

	30.09.19	31.12.18	30.09.18
Kontantar og fordringar på sentralbankar	31.099	29.617	31.616
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	27.958	46.856	16.030
Utlån til og fordringar på kundar	1.408.299	1.352.401	1.415.264
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-5.575	-4.115	-7.152
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600
Netto utlån og fordringar på kundar	1.400.124	1.345.686	1.405.512
Overtatte egedelar	2.180	1.000	0
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	108.384	131.444	126.558
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	97.522	90.734	58.698
Eigarinteressar i tilknytt selskap	0	0	0
Eigarinteressar i konsernselskap	0	0	0
Immaterielle egedelar	0	0	0
Varige driftsmidler	13.886	14.140	14.265
Andre egedelar	523	2.483	1.318
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	6.272	5.379	7.288
Sum egedelar	1.687.948	1.667.339	1.661.285
Gjeld og eigenkapital			
Gjeld til kredittinstitusjonar	110.271	160.532	160.255
Innskot frå og gjeld til kundar	1.237.444	1.185.034	1.176.370
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	99.892	99.872	99.843
Anna gjeld	10.782	8.453	4.450
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	11.595	2.014	9.226
Avsetningar for påkomne kostnader og skyldnader	424	424	678
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.470.408	1.456.329	1.450.822
Opptent eigenkapital	208.664	211.010	201.143
Udisponert overskot	8.876		9.320
Sum eigenkapital	217.540	211.010	210.463
Sum gjeld og eigenkapital	1.687.948	1.667.339	1.661.285
Vilkårsette skyldnader	30.500	51.398	69.918
Skyldnader	83.531	79.317	61.317

Tap på utlån	30.09.19	31.12.18	30.09.18
Misleghaldne lån:			
Brutto misleghaldne lån:	15.564	3.185	69
Netto misleghaldne lån:	13.189	3.185	69
Tapsutsette lån:			
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	5.692	7.491	12.981
Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	2.492	3.376	5.828
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskrivning på individuelle utlån og garantiar	1.000	1.753	0
+ Periodens endring i nedskrivning på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år er avsett / nedskriva for	0	-1.462	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år ikkje er avsett / nedskriva for	28	208	0
- Periodens inngang på tidlegare periodars konstaterte tap	-193	-425	0
Periodens tapkostnader	835	924	0

Kvartalsvis resultatutvikling	3.kvartal	2.kvartal	1.kvartal	4.kvartal	3.kvartal
<i>(Tal i heile tusen)</i>	2019	2019	2019	2018	2018
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	13.269	12.082	11.293	11.772	11.599
Rentekostnader og liknande kostnader	5.255	4.693	4.457	4.418	4.037
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	8.014	7.389	6.836	7.354	7.562
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	117	2.494	57	0	0
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	2.946	2.382	2.364	2.419	2.230
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	487	499	411	450	435
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	150	129	220	-77	-55
Andre driftsinntekter	55	53	52	101	35
Løn og generelle administrasjonskostnader	4.931	4.692	5.647	6.049	4.505
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	125	124	125	125	125
Andre driftskostnader	1.102	1.409	1.362	1.280	1.097
Resultat før tap og skatt	4.637	5.723	1.984	1.893	3.610
Tap på utlån, garantiar m.v.	-931	65	-429	-799	-932
Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	7	0	0	1.408	3
Skatt på ordinært resultat	930	860	390	624	650
Resultat av ordinær drift etter skatt	2.783	4.928	1.165	1.878	2.031

Nøkkeltal	30.09.19	30.06.19	31.03.19	31.12.18	30.09.18
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,79 %	1,74 %	1,68 %	1,76 %	1,76 %
Driftsinntekter	0,78 %	0,84 %	0,56 %	0,60 %	0,65 %
Driftskostnader	1,57 %	1,63 %	1,75 %	1,56 %	1,48 %
Resultat for rekneskapsåret	0,72 %	0,74 %	0,29 %	0,69 %	0,77 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	5,69 %	5,89 %	2,24 %	5,31 %	6,19 %
Kostnader i % av totale inntekter	61,26 %	63,41 %	78,24 %	66,05 %	61,67 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst./tap	62,23 %	64,48 %	80,18 %	66,23 %	62,05 %
Tap i % av brutto utlån	0,09 %	0,03 %	0,03 %	0,01 %	-0,05 %
Netto ansvarleg kapital	172.161	172.094	175.810	180.959	171.117
Kjernekapital	172.161	172.094	175.810	180.959	117.117
Tilleggskapital	0	0	0	0	0
Risikovekta balanse	846.625	819.550	799.935	808.875	823.290
Kapitaldekning i %	20,33 %	21,00 %	21,98 %	22,37 %	20,78 %
12 mnd forvaltningsvekst	1,60 %	2,49 %	0,96 %	3,77 %	7,48 %
12 mnd utlånsvekst	-0,49 %	0,62 %	0,23 %	0,74 %	5,33 %
12 mnd innskuddsvekst	5,19 %	2,62 %	2,39 %	1,99 %	7,56 %
Innskudd i % av utlån	87,87 %	89,41 %	88,90 %	87,62 %	83,12 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	1.658.221	1.651.444	1.650.282	1.628.944	1.622.047
Antall årsverk	14,0	14,0	14,0	13,0	13,0